

God vaksen for barn

Det du viser på skjermen:	Handling
Opne sida	Introduser måten å jobbe på: Vi skal ha ei lita temaøkt frå Livet&Sånn. Vi skal sjå ein film og de skal få snakke saman i smågrupper. Filmane og opplegget er laga av psykologar og barnevernspedagog, ein kompetanse som supplerer den vi har i barnehagen. Vi brukar dette saman, men eg har ikkje rolla som ekspert eller foredragshaldar.
	Vis filmen God vaksen for barn - YouTube
Kva formar oss som vaksne i møte med barn? 1. Våre medfødde eigenskapar. 2. Korleis vi vart møtt når vi var barn. 3. Spesielle opplevingar i livet. 4. Korleis vi har det i livet vårt, i kvardagen akkurat no.	I starten av filmen seier dei noko om kva som formar oss som vaksne i møte med barn. Vi som jobbar her er ulike og har ulik bakgrunn. Dette vil kunne kjennast privat og personleg, så vi skal ikkje ha ein felles prat om dette no. Det er likevel greitt å tenke litt over for kvar av oss, og kanskje også vurdere om det er noko vi ber med oss som det kan vere lurt å prate med nokon om.
1: Sjekk og juster eigen tilstand 2: Sjekk og juster barnet sin tilstand 3: Når tilstanden er god nok støtt barnet i å få til 4. Reparer relasjonen og lad opp batteria	Filmen anbefaler at vi huskar å gjere dette i kvardagen når vi skal få til noko med barn som kan vere vanskeleg. Snakk saman i mindre grupper om dei ulike punkta. (Alle punkta kjem også som eigne filmar og minikurs, men bruk gjerne litt tid på det generelt også).